

# **Soknerådsmøte i Moster sokneråd**

## **tysdag 18.06.2019 kl.19:00.**

**Desse møtte:** Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Magnhild Nøstbakken, Berit Landmark, og Aksel Lygre.

**Sak 58 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 21.05.19. Saker til ymse meldast her.** Rapport om kyrkjetekstilar vert sak 64, endring av referat frå årsmøtet, sak 65, og markering for arbeid som er gjort med kyrkjetekstilar, sak 66. Innkallinga vert godkjend med desse endringane. Møtebok godkjend.

**Sak 59 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.**

- **Evaluering av fellesmøte med Salem, Betania og Sion 28.mai: Informativt møte.** Godt for samarbeidet mellom kyrkjelydane. God kollekt.
- **Evaluering av gudstenesta i Moster amfi 9.juni: Gudstenesta vart flytta til Bremnes kyrkje.** Gudstenesta vert likevel rekna som ei gudsteneste i Moster sokn. Godt gjennomført gudsteneste.
- **Miljøtiltak for konfirantar – medarbeidarar som kan leia grupper.**
- **Soknerådsva: Valmedarbeidarar m.m. Liste vart delt ut.**
- **Moster kyrkje vert 150 år i 2024, oppnemning av komité – info Per Harald og Aksel.** Nok folk har sagt ja til å vere med i komitéen.

**Sak 60 – 2019 Ordning for familiegudstenesta**

Framlegg til ordning for familiegudsteneste vart gjennomgått. Vedtak: Soknerådet går inn for framlegget til ny ordning for familiegudsteneste. Denne liturgien vert innført frå denne dato.

**Sak 61 – 2019 Datoar for stor kyrkjekaffi hausten 2019**

Forslag til vedtak: Det vert «stor kyrkjekaffi» på fylgjande dagar hausten 2019: 1.september – skulestart; 15.september – konfirmantpresentasjon; 27.oktober – 4-årsbok; 10. november; – Lys vaken.

**Sak 62 - 2019 Sommarfullmakt**

Soknerådet gjev leiar, nestleiar og sokneprest generell sommarfullmakt til hastevedtak, fram til soknerådsmøtet i august.

**Sak 63– 2019 Referat og meldingar**

- Frå fellesrådet
- Frå orgelkomiteen. Dugnadskonsert til hausten er under planlegging.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

**Sak 64 – 2019-Rapport om kyrkjetekstilar.**

Soknerådet sender denne rapporten tenesteveg til biskopen.

**Sak 65-2019-Endring av referat frå årsmøtet.**

Endringane vil bli gjort.

**Sak 66-2019-Markering for arbeid med kyrkjetekstilar**

Markeringa vert utsett frå 16.06.19 til 18.08.19

**Sak 67-2019-Gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet i Moster sokn**

Saka vert utsett til soknerådsmøtet den 27.08.19

Per Harald Gjerde  
skrivar